

## **ÅRSMELDING FOR INDRE NORDMØRE FORSVARSFØRENING (INF)**

Styret har i meldingsåret 2016 hatt slik samansetting: Olav Jostein Holten, leiar, Lars Indreiten, nestleiar, Johs. J. Vaag, sekretær, Halvor Flatekval, kasserar og Arvid Gjengstø, styremedlem.

(Lars Indreiten og Johs. J. Vaag er på val).

Varamedlemar: Nils Johan Rodal og Leif Kristian Bøe.

Revisor: Jan Gausen.

Valnemnd: Kristian Ellevset, Astrid Sinnes og Per O. Moen.

### **Møteverksemd**

I året er det halde to styremøte. Årsmøtet blei halde på Hammerstuene 23.02.16 kl. 13.00. Leiar Olav Jostein Holten orienterte frå eit seminar han hadde vare på i regi av NROF på Gardermoen. Kurset hadde nemninga PSYOPS-kurs, og omfatta dei farar landet vårt kan bli utsett for frå framande makter.

### **Aktivitetar i året**

Aktivitetane starta med gjennomføring av skiskyttarmerkeprøve etter militært program 23.01.16. Det var 10 km langrenn på militære ski og 10 skott med AG-3 eller mauser mot mål på 100 m. Som i tidlegare år hadde Olav Jostein Holten laga ei velpreparert løype på Toreseter.

Skiskytingens Dag blei markert 05.03.16 ved skiskyttararenaen på Nordmarka. Oppmøtet kunne ha vore betre. Det blei gått mange rundar på ski og det blei skote 500 skott av dei unge deltakarane. Merke blei delte ut.

15.03.16 var tre utsendingar frå INF med på eit interessant møte i Molde. Møtet var i regi av Folk og Forsvar.

Dagane 20.-22.04 var det dugnad på Krigsminnesamlinga. Det var godt oppmøte av dugnadsgjengen, som i tidlegare år. Dessverre var veret dårleg med regn og snø. Dette gjorde at ein ikkje fekk måla utvendig. Derimot fekk vi pussa opp og måla 2 vindauge inne i møterommet. Det blei 106 dugnadstimar inkludert slåttan på tomta. Tilsyn er da ikkje tatt med.

28.05.16 var det open dag for publikum. Mange var innoim i løpet av dagen. Johanne Holten ordna med kaffe og bakels.

30.05.16 var det tur til Smøla. Her deltok veteranar frå Brigadeveteranforbundet avd. Nordmøre og medlemar frå INF. Ivar Olaf Halse og Per Halse fortalde deltakarane om tyskerane på Smøla og da spesielt om kystfortet på Edøya. Lokalavisa Nordvestnytt hadde eigen reportasje om turen.

09.og 10.06.16 var det besøk på Krigsminnesamlinga av alle 9-klassingane i Surnadal. Opplegget var i samarbeid med Nordmøre museum. Først blei filmen "Tyskere i Surnadal" vist i fjøsbygningen som høyrer til bygdemuseet på Åsen. (Filmskaparen, Eistein Bæverfjord, døydde kvelden føre filmframsyninga). Olav Jostein Holten og Kristian Henden var på plass og orienterte gruppene som var innom desse to dagane. Karane frå INF fortalde mest om lokale forhold når det gjaldt det som hende i krigsåra 1940-45. Dette er to dagar som blir sett på som viktige både for Krigsminnesamlinga og INF. Styret vonar dette er ei ordning som kan halde fram vidare.

25.06.16 deltok medlemar frå INF på stand under Øra-martnaden. Her fekk våre folk prate med mange forsvarsinteresserte personar om fortid og notid.

22.09.16 var det møte i Molde Rådhus der emnet var hybridkrig. 6 av INF sine medlemar deltok på dette møtet. Det var eit svært interessant foredrag om temaet.

23.09.16 var styret i INF invitert til kinoen på Sunndalsøra for å sjå filmen "Kongens nei". Seks personar med tilknytning til INF møtte opp. Olav Jostein Holten, Lars Indreiten og Ivar Jonas Nørbech vart intervjuet av avisa Driva både før og etter filmen. Det blei god omtale av INF.

Ein stor del av sommaren har det vore gjort førebuingararbeid for å få ein godt orientert foredragshaldar til å kome til Surnadal for å snakke om dagens sikkerhetssituasjon.

Leiar og sekretær utforma ein søknad til Norges Forsvarsforening (NFF) om økonomisk støtte for gjennomføring av eit ope møte om dette temaet. Søknaden blei imøtekomen og presidenten i NFF, Lars Myraune, tok på seg å kome til Surnadal. INF samarbeidde med rektor Mons Otnes ved Surnadal vidaregåande skole i høve dette besøket. 07.11.16 var det pressekonferanse på Vårsøg hotell. Her blei det gitt orientering om det som skulle skje i Surnadal i samband med Lars Myraune sitt besøk. Lokalavisene Tidens Krav og Driva samt nettavisene Todalen.no og Trollheimsporten møtte opp og viste interesse for saka. Dette kom tydeleg fram i reportasjane etterpå. Om morgonen 14.11.16 kl. 08.00 var Lars Myraune på plass og ga elevane ved Surnadal vidaregåande skole ei orientering som varte i 2 undervisningstimar.

Om kvelden same dag, frå kl. 19.00- kl. 21.00, var det ope møte i Svorkasalen. Her heldt Lars Myraune ei svært god orientering, kor også fenomenet hybridkrig fekk brei omtale. Mange møtte opp og det blei servert kaffe og bakels. Vi i INF er glade for at vi fekk ein slik kunnskapsrik foredragshaldar som Lars Myraune til kommunen.

Som takk fekk Lars Myraune eit bilde av Innerdalstårnet måla av Eldbjørg Flatekval. Det er første gongen at INF har gjennomført eit slikt opplegg og vi takkar Surnadal vidaregåande skole ved rektor Mons Otnes for godt samarbeid.

14.12.16 var det tur til Nidarosdomen og Forsvarets julegudsteneste. Dette har blitt ein god tradisjon. Fleire kunne ha vore med.

### **Minneord**

To eldsjeler i INF sitt arbeide har gått bort i 2016. Desse er forsvarsvenene Martinus Torvik og Per Sinnes.

Martinus var styremedlem i INF i mange år og ein aktiv pådrivar for å få ei krigsminnesamling lagt til kommunen.

Per Sinnes har vore svært aktiv i dugnadsarbeidet ved Krigsminnesamlinga og han har skaffa gjenstandar og utstyr til samlinga.

INF var til stades ved gravferdene til desse to heidersmennene og leiaren bar fram minneord og hadde med båretbukett.

### **Utmerking**

Johanne Holten er i meldingsåret blitt tildelt Forsvarsforeningens medalje av NFF sitt presidentskap. Utdelinga blei foretatt av presidenten i INF, Lars Myraune, under hans besøk i Surnadal.

### **Aktivitetsplan for 2017**

Styret for INF har på styremøte 07.11.16 vedtatt slik aktivitetsplan for 2017:

28.01.17: Prøve til skiskyttarmerket på Toreseter. Start kl. 13.00.

16.02.17: Årsmøte på Hammerstuene, Surnadalsøra. Møtet startar kl. 13.00.

18.03.17: Skiskytingens Dag på Nordmarka. Tidsrom: Frå kl. 11.00 til kl. 14.00.

05.05. og 06.05.17: Dugnad på Krigsminnesamlinga. Oppstart kl. 10.00. Slutt kl. 16.00.

27.05.17: Open dag ved Krigsminnesamlinga. Frå kl. 12.00 til kl. 16.00.

01.07.17: Øramartnaden.

Medio desember 2017: Forsvarets julegudsteneste i Nidarosdomen. Nærare informasjon om dette vil kome på eit seinare tidspunkt.

Omvising på Krigsminnesamlinga for elevar i 9. klasse på ungdomsskolen.

Instruktørar: Olav Jostein Holten og Kristian Henden.

Til hausten vil styret arbeide for å få til eit ope temamøte.

### **Oppsummering**

Året 2016 har vore eit særst aktivt år for INF og forsvarssaka. Styret vil takke alle for innsatsen i året som har gått og håper på eit like aktivt år i 2017.

Olav Jostein Holten (sign.)  
leiar

Johs. J. Vaag (sign.)  
sekretær